



NVE
NORGES VASSDRAGS-
OG ENERGIVERK

KDB 2587
omr. 038.22

Vår ref.
NVE 9801610-2
VK/ANH/911-512.3

Vår dato

22 APR. 1998

Dykkar ref.

Dykkar dato
070498

Kjell Hustveit
Imslund

4210 VIKEDAL

Sakshandsamar:
Anne Hustveit, VK
22 95 90 84

IMSLAND SMOLT
VASSFORSYNING TIL SETTEFISKANLEGG I ØLMEDALSELVA (038.22) I
VINDAFJORD KOMMUNE, ROGALAND FYLKE

Hustveit/dlva

Vi viser til planar for ovannemnde motteke i brev av 07.04.1998.

NVE skal på bakgrunn av planane vurdere om reguleringa og vassuttaket medfører skader og ulemper av slikt omfang for allmenne interesser at det etter vassdragslova § 104, nr 2 er naudsynt med løyve.

Planane går ut på å regulere Ølmedalsvatnet. Det er litt uklart kor mykje, men ved ei slik regulering er det av allmenne interesser at reguleringshøde, lågaste og høgaste vasstand, vert fastsett gjennom eit løyve. Dette er òg vanleg praksis.

Vassinntaket er planlagt lagt i vatnet. Dermed kan vatnet tappast så mykje at det ikkje renn vatn ut og elva vert tørrlagt. Dette vil kunne føre til skader på m.a. fiskestamma, dersom det ikkje vert sett krav til minstevassføring.

På grunnlag av ovannemnde konkluderer NVE med at planane vedkjem allmenne interesser i slik grad at det er naudsynt med løyve etter §§ 104 -106 i vassdragslova for å kunne regulere Ølmedalsvatnet og ta ut vatn til settefiskanlegget.

Ei førehandsvurdering av konsesjonsplikta som er gjort her, har ikkje rettsleg status som eit enkeltvedtak etter § 2 i forvaltningslova og kan derfor ikkje påklagast. Det er bare eit skjønn etter § 112 i vassdragslova som med rettsleg bindande verknad kan fastsetje om det ligg føre konsesjonsplikt eller ikkje.

- NVE er delegert fullmakt til å gi løyve i slike saker og det vert gjort etter innstilling frå
- ./ fylkesmannen. Vedlagt sender vi eit eksemplar av NVE Publikasjon nr 02 1993 retningslinjer for inngrep i vassdrag og jf. s 16-17 og 18-19 og vi ber om at **søknad vert sendt fylkesmannen i Rogaland** som vil stå for kunngjering og utlegging. Til hjelp ved utarbeiding av søknaden,
 - ./ legg vi ved kopi av ein søknad som eksempel.

Med helsing



Erling Diesen
Vassdrags- og
energidirektør



Bjørn Wold
avdelingsdirektør

Kopi til: Adv. Kåre Vierdal, Postboks 719, 4001 Stavanger
Vindafjord kommune, 4210 Vikedal
Fylkesmannen i Rogaland, Postboks 59, 4001 Stavanger
Fiskerisjefen i Rogaland, Postboks 38, 4251 Koppervik
NVE - region Sør, Postboks 2124, 3103 Tønsberg